

# Notat

**Til:** Helse Nord RHF Fagdirektør Geir Tollåli  
Helse Vest RHF Fagdirektør Baard-Christian Schem  
Helse Sør-Øst RHF Fagdirektør Jan Christian Frich  
Helse Midt-Norge RHF Fagdirektør Henrik Sandbu  
Kopi: Fagdirektørsekretariatet v/ Hanne Husom Haukland, Helse Nord RHF

**Frå:** Sykehusinnkjøp HF, divisjon legemidler (LIS)

**Dato:** 3. april 2020

Ikkje til offentleg innsyn, jamfør forvaltningsloven (fvl.) § 13, 1. ledd

## **ID2018\_098: Turoktokog alfa pegol (Esperoct) til behandling og profylakse av hemofili A**

### **Bakgrunn**

22. oktober 2018 fatta Bestillerforum avgjerd om å gjennomføre ei forenkla metodevurdering hjå Statens legemiddelverk (Legemiddelverket) for ovannemnde produkt. Lækjemiddelet vert nytta for hemofili A, under dette både til behandling og førebyggande (profylaktisk) bruk.

Lækjemiddelet høyrer til gruppa koagulasjonsfaktorar (ATC B02B D02), under dette faktor VIII. Denne gruppa har med tida utvikla seg til to grupper kor ein grovt kan skilje mellom a) langtidsverkande og b) korttidsverkande lækjemiddel. Turoktokog alfa pegol høyrer til den langtidsverkande gruppa.

Leverandør har [REDACTED] inngjeve følgjande prisar etter forhandling:

Varenummer	Pakning	Maks-AIP	LIS-AIP inkl. mva.	LIS-AUP inkl. mva.	Pris per IE
468789	Esperoct, 1 sett, 500 IE	5296,66	[REDACTED]	[REDACTED]	[REDACTED]
464780	Esperoct, 1 sett, 1000 IE	9756,75	[REDACTED]	[REDACTED]	[REDACTED]
154623	Esperoct, 1 sett, 1500 IE	14584,17	[REDACTED]	[REDACTED]	[REDACTED]
54771	Esperoct, 1 sett, 2000 IE	19411,59	[REDACTED]	[REDACTED]	[REDACTED]
489088	Esperoct, 1 sett, 3000 IE	29066,42	[REDACTED]	[REDACTED]	[REDACTED]

### **Årskostnad**

SPC-dosering vil innebere 50 IE kvar fjerde dag som utgjer eit snitt på 12,5 IE per døgn. Ein nyttar pris per eining [REDACTED].

Med utgangspunkt i einingspris i ovannemnde tabell og nemnde døgnforbruk vil det gje følgjande resultat med utgangspunkt i L-AUP inkluder MVA:

Månadskostnad: [REDACTED]

Årskostnad: [REDACTED]

### **Kostnadseffektivitet**

Legemiddelverket har i sin rapport vurdert effekt og tryggleik. Kostnadseffektivitet er såleis ikkje vurdert. Sykehusinnkjøp har difor vurdert Turoktokog alfa pegol sett opp mot dei metodane som er innført på indikasjonen.

Årskostnad med aktuelle anbodsprisar og SPC-dosering for pasient med vekt på 75 kg:

Produkt	Årskostnad	IE/kg/dag
[REDACTED]		

Med utgangspunkt i Legemiddelverket si vurdering om likeverdig effekt og tryggleik samt at kostnaden kan samanliknast med eksisterande produkt kan ein ut frå avgjerdsmyna sin praksis anta at Turotokog alfa pegol vil vere innanfor betalingsvilja.

#### Budsjettkonsekvensar

Innføringa vil ikkje innebere budsjettkonsekvensar då kostnaden er lik dei fagleg likeverdige lækjemidla i gruppa og pasientpopulasjonen er den same. Det vil altså vere snakk om omfordelingar innanfor terapigruppa som ikkje har budsjettkonsekvensar.

#### Betydning for framtidig anskaffing

[REDACTED] konkurranse som skal lysast ut i slutten av april.

På grunnlag av 17. desember-avgjerala kan ikkje lækjemiddelet takast i bruk før nytt anbod har vorte teke i bruk.

#### Prosess

Motteke underlag til forhandling frå Legemiddelverket	06-02-2020 (foreløpig) 19-02-2020 (endeleg)	
Førespurnad til leverandør om prisopplysningar	04-02-2020	
Fullstendige prisopplysningar frå leverandør motteke	01-04-2020	
Prisnotat ferdigstilt:	03-04-2020	
Sakshandsamingstid:	51 dagar kor 47 dagar i påvente av ytterlegare prisopplysningar frå lækjemiddelfirma. Dette førar til reell sakshandsamingstid hjå Sykehusinnkjøp på 5 dagar.	

### **Oppsummering**

Turoktokog alfa pegol er vurdert til å vere likeverdig innanfor lækjemiddelgruppa, under dette dei lækjemidla som er innført som metode i spesialisthelsetenesta. Tilbydd pris ligg truleg innanfor betalingsvilja til avgjerdsmynda når ein ser til samanliknbare saker.

Det må gå fram av vedtaket at lækjemiddelet først kan takast i bruk etter at anskaffinga er gjennomført, altså frå 1. september 2020.

Asbjørn Mack  
Fagsjef

Richard Andre Våge  
Medisinsk rådgjevar